



## Invitasjon til medverknadsmøte for innbyggjarane i Sogndal kommune

Sogndal – måndag 17. mars kl. 18.00-20.00 på Quality Hotel  
Leikanger – tysdag 18. mars kl. 18.00-20.00 på Statens hus  
Balestrand – onsdag 19. mars kl. 18.00-20.00 Kviknes Hotel

Me ynskjer å invitere innbyggjarar i Sogndal kommune til eit medverknadsmøte om utgreiingar i helse og omsorg som politikarane våre har bestilt. Bestillinga frå politikarane kjem som følge av utfordringane med tilstrekkeleg rekruttering av helsepersonell og frå eit økonomisk perspektiv.

Dei fem forslaga politikarane våre har bedt om utgreiing på er:

- Redusere talet på langtids plassar på institusjon. Me har tre sjukeheimar i Sogndal kommune fordelt på Balestrand, Leikanger og Sogndal. I utgreiingane ynskjer ein å få fram fordelar og ulemper med å leggja ned ei avdeling ved ein av sjukeheimane eller å leggja ned ein heil sjukeheim.
- Samla alle korttids plassar i ein institusjon. I dag har me korttids plassar ved alle tre institusjonane. Kva vil vere fordelar og ulemper ved denne løysinga?
- Endre sjukeheim til omsorgsbustad i Balestrand. Korleis vil dette påverke tilbodet? Fordelar og utfordringar?
- Struktur kjøkkendrift – kva vil konsekvensane vere ved å samle all kjøkkendrift på ein plass i kommunen?
- Struktur vaskeridrift – per i dag løyser dei tre sjukeheimane det ulikt. Korleis vil det påverke tenesta om me set all vaskeridrift vekk?

Møtet vil vere todelt:

1. Informasjon kring forslaga
2. Kafédialog rundt små bord der du som innbyggjar kan sei kva som er viktig for deg der du bur og kva som er viktig for at kommunen skal klare å fortsette å gi gode helsetenester i framtida.

Ingen av forslaga som ligg føre er bestemte enno. Me treng difor di røyst for å belyse dei ulike forslaga. På den måten vil politikarane kunne få eit betre grunnlag til å fatte vedtak.

Håpar me sjåast!

Helsing helse og omsorg Sogndal kommune